

Valdres Natur- og Kulturpark

Valdres Næringshage, Skrautvålsvegen 77
2900 Fagernes



VALDRES
skjerper sansane

SAMARBEIDSAVTALE BREIBAND TIL VALDRES

Mellom: Sør Aurdal kommune, (SAK) Org.nr. 961 381 819
Valdres Natur- og Kulturpark, (VNK) Org.nr. 879 662132

Bakgrunn og formål:

Kommunane i Valdres har sidan 2013 samarbeida om å få til utbygging av infrastruktur på breiband i Valdres. Ei styringsgruppe vart vald og har vore fornya med litt ulik samansetning opp gjennom åra. Styringsgruppe pr. dato omfattar alle seks ordførarar og alle seks rådmenn.

Styringsgruppa har engasjert VNK som prosjektleigar og med prosjektleiing. Jfr. prosjektplan / mandat.

Nkom (Nasjonal Kommunikasjonsmyndighet) legg til grunn at det er formålstenleg å lage regionale søknadar, men legg samtidig til grunn at det berre er ein kommune som kan søkje midlar til breibandsutbygging. For søknadar til Nkom i 2016 og 2017 har vi hatt ein munnleg avtale med Sør Aurdal kommune, om at SAK stiller opp som søkjarkommune for den felles søknaden frå Valdres. Denne avtalen er såleis ein formalisering av eit allereie innarbeida samarbeid.


Avtalens innhald og omfang:


- VNK utfører prosjektleigarskap og prosjektleiing i høve til vedtekne prosjektplaner / mandat.
- Sør-Aurdal kommune står formelt som søker til NKOM på vegne av alle Valdreskommunane
- Samarbeidsmodellen fordrar løpende kommunikasjon med rådmannen hjå SAK. Her må involvering i ulike problemstillingar vera i eit omfang som tek vare på tillitsforholdet mellom dei samarbeidande partar.
- VNK mottek og administrerer ut tilskot frå Nkom til ulike byggeprosjekt.
- VNK fører prosjektrekneskap som inngår i VNK sine driftsrekneskap.
- Sør-Aurdal kommune står for kunngjøring av anskaffelsen/konkurransen, men slik at oppdragsgjevar er Valdreskommunane ved Sør-Aurdal kommune (med SAK sitt org.nr). VNK forestår saksbehandlingen i anskaffelsesprosessen og innstiller overfor styringsgruppa i et tett samarbeid med felles innkjøpskoordinator for Valdres.
Om konkurransen skulle medføre klagesaker, søksmål mm med beslutning om økonomisk erstatning mv, vil alle seks Valdreskommunane og Valdres Natur- og Kulturpark i fellesskap måtte ta denne belastninga og aktuell fordeling av ressursbruk.
- Dei kommunar som får tildelt midlar fra NKOM og som forutsettes å gjennomføre prosjektet, medsignerer på kontrakten med valgt leverandør samen med Valdres Natur- og Kulturpark og Sør-Aurdal kommune. Desse kommunane får slik sett også eit særskilt medansvar for aktuell oppfølging i egen kommune

Oppseiing av avtalen:

Avtalen vil gjelde fram til ein av partane seier opp avtalen. Eit opphør av avtalen må vera knytt til oppstart av nytt breibandsprosjekt. Avtalen vil ikkje kunne seiast opp med verknad for igangsette prosjekt.

Fagernes 03.oktober 2017


Karin Stegarud, konst. rådmann SAK


Jørand Ødegård Lunde, dagleg leiar VNK